



Eurosign AS  
Frysjaveien 40  
0884 OSLO

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/276 - 18/3861

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:  
06.02.2018

## Løyve til plassering av skilt - gbnr 188/386 Gjervik ytre

### Administrativt vedtak. Saknr: 056/18

**Tiltakshavar:** Apotek1 Gruppen AS  
**Ansvarleg søkjar:** Eurosign AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om plassering av 1 stk virksomhetsskilt for Apotek1 på fasade i Kvernhusmyrane 29. Skiltet har mål 4000X610mm og har innvendige miljøvennlige kvite dioder som lyser framover. Det vert elles vist til søknad motteken 26.01.2018.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 26.01.2018 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

### Planstatus

Gjeldande plan er områdeplanen for Knarvik.  
Tiltaket er vurdert å vere i samsvar med plan.

### Nabovarsel

Naboar vil ikkje bli berørt av tiltaket i nokon grad og det er tilsvarande skilt på fasaden for leietakarar av bygget allereie. Det er difor gjeve fritak frå krav om nabovarsling.

### VURDERING

#### Plassering

Virksomhetsskiltet vert godkjent plassert slik det går fram av søknad og kartutsnitt vedlagt søknad.

#### Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.



**VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for plassering av 1 stk virksomhetsskilt på følgjande vilkår:

1. Skiltet skal plasserast som vist i kartutsnitt og vedlegg «nytt skilt» motteken 26.01.2018 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 18/276**

**Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

**Bortfall av løyve**

Om monteringsarbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

**Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

**Ferdigattest**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Apotek 1 Gruppen AS

**Mottakar:**

Eurosign AS

Frysjaveien 40

0884

OSLO